



27.03.2020

## Kjære russ 2020

Vi forstår at de er skuffa over at russetida ikkje blir slik den skulle. Men vi trur de alle skjønar kor alvorleg situasjonen er og kvifor myndigheitene har teke grep. Dette påverkar oss alle på mange forskjellige måtar, og vi må saman bidra for at desse tiltaka skal fungere.

Kjære russ 2020, vi ber dykk om å ikkje møtast i grupper eller å dra på fest. Vi har informasjon om at nokre i årets russekull har planar om å bryte tiltaka og delta på festar. Men russedressen beskyttar ikkje mot koronaviruset. Hugs at det er personar i alle aldrar som kan bli hardt ramma av koronaviruset, ikkje berre eldre.

Brot på dei nasjonale tiltaka blir følgt opp av politiet. Nokre har allereie fått førelegg på 20.000 kr. Det blir ein dyr fest, og pengane kan de sikkert heller bruke på noko kjekt?

Vi oppmodar dykk til å vere kreative og ta i bruk digitale plattformer framfor fysiske samlingar og festar. Bruk dei muligheitene sosiale medium gir. Dette er de jo gode på allereie!

Alle må delta i denne felles dugnaden slik at helsevesenet kan ha kapasitet til å hjelpe alle som treng det. Både dei som blir smitta av koronaviruset og dei som er sjuke av andre grunnar.

Ta vare på kvarandre og følg retningslinjene frå Folkehelseinstituttet.

Med vennleg helsing Vest politidistrikt

**Russedress beskyttar ikkje mot koronavirus**



politi\_russ